


Hopen kirke

75 år



HOPEN KIRKE

75 ÅR

UTGITT AV HOPEN MENIGHETSÅD
1967

Hilsen til Hopen kirkes 75-årsjubileum

REDAKSJONSKOMITE:

Ella Gjevik Torske, Arne Pettersen, Oddmund Solhaug, L. G. Terray.


Skal vi kort uttrykke det som skjedde pinsedag, kan vi si at da ble kirken reist. Kirke og menighet hører uløselig sammen med evangeliet. Det er tegn på at evangeliet har virket og er tatt imot at det dannes en menighet og bygges en kirke.

Gudstjenesten med Ordet, dåpen, nattverden og bønnen, er det sentrum som binder menigheten og alt dens virke sammen. Den er kilden som gir liv til alt annet. Slik har det vært til alle tider. Hvor gudstjenesten tas bort, hvor samlingen om Ord og sakrament opphører, der dør også kristenlivet. Den egentlige anledning er borte.

Derfor kan vi ikke ønske noe bedre ved dette jubileum enn at Hopen kirke fortsatt må være midtpunkt og kilde i menighetens liv. En pen kirke er et vakker syn, men en fullsatt kirke er det aller vakreste.

Jeg ønsker signing over dagen og over Hopen menighet.

Tord Godal.



Frå fiskarkapellet på Veien til soknekyrkja i Hopen

Av Erling Skjølberg.

Onsdag 20. juli 1892 var ein stor festdag for folket i Hopen kyrkjesokn. Nykyrkja skulle vigslast. Den 140-årige åttekanta gamlekyrkja hadde vorte nedriven året før, og ei ny og vakker langkyrkje hadde reist seg på same tonita.

Vigslingsdagen var fin og sommarleg, og til fots og i båt var folk komme til kyrkja for å vera med på høgtida. Dei medverkande prestane hadde kome med d/s «N. H. Knudtzon», som på turen til Hitra hadde vore innom Hopen med dei, og kapteinen hadde lova å ta dei med att på tilbaketuren.

Medan dei to nye klokkene klang frå kyrketårnet, skreid presteprosesjonen opp frå Kyrkjenes-garden. Med der var prosten i Ytre Nordmøre, sokneprest Brinchmann i Kristiansund, sokneprestane Grytnes i Aure, Nielsen i Kvernes, Jørstad i Hitra, Rambech i Edøy og dei residerande kapellane Krohn Hansen i Kristiansund og Widerøe i Kvernes.

Bispen i Nidaros, biskop Laache, hadde visitert på Smøla året før, og ville nok ha kome att til kyrkjevigslingen, men no var han nyss avlidn. Derfor hadde prost Brinchmann fått i oppdrag å vigsla Hopen nye kyrkje, og til emne for vigslereika hadde han valt ordet «Mit hus skal kaldes et bedehus».

Det er rimeleg å tru at folk let vel om nykyrkja og tykte dei hadde fått eit staseleg gudshus. Dei høge rundboga vindauge saman med dei lysmåla veggene skapte eit lyst og venleg kyrkjerom. Den førre kyrkja hadde og doble og bra store vindauge, men dei små grønvorne rutene kunne likevel ikkje sleppa inn så mykje lys som no. Gamlekyrkja hadde ikkje hatt altartavle, men no reiste seg frå altaret ei høg og prydleg bilettautstilling med motivet «Kristus og dei bedande» og med denne innskrifta: «Kommer hid til mig, Alle, som arbeide og ære besværede. Matth: 11, 28.» På altaret stod dei to gamle trearma lysestakane som sokneprest Aarøe og kone hadde gjeve i 1761, men no var dei oppussa og skein og blenkta i messingen.

Nyvølt var og den velbrukte messehakelen frå 1749. Nye derimot var døypefonten og prekestolen. Benkane var opne og utan dører, som det hadde vore i den førre kyrkja, og det var sitteplass til 260 personar. Galleriet var attarst i skipet, men noko orgel var ikkje oppsett — det skulle gå over 20 år før orgel kom på plass. Derfor måtte klokkaen no som alltid

Hopen kyrkje i 1964.



før leia songen. Dei to små klokkene var utskifta med to større, og ringarane stod no oppe i tårnet og ringde, medan dei i den gamle kyrkja måtte stå nede i skipet og dra i klokktetaua.

Det var byggmeister Hovde frå Kristiansund som hadde bygd kyrkja, og han hadde kome vel frå det. Sju år før var det bygd nye kyrkjer både på Innsmøla og Vestsmøla, og med den nye Hopa-kyrkja hadde alle dei tre sokna på Smøla fått nye gudshus. Men hopaværingane tykte nok det siste var det fagraste av dei alle, og var med rette ikkje så lite stolte av si kvitmåla og høgreiste kyrkje, som låg så synleg og fint til på høgda ved Hopsneset.

DEI ELDSTE SMØLA-KYRKJENE BLIR BYGDE

Kva tid dei første kyrkjene vart reist på Smøla, er det vanskeleg å svara heilt visst på. Dei stod alle på øyar kringom Fastsmøla — på Edøy, Odden, Brattvær og Veidholmen. Den eldste av desse var ho på Edøya. Fagfolk trur ho kan vera frå kring år 1200, rundbogestilen kan tyda på det. At ho vart bygd av stein, var uvanleg, og tyder på at storfolk har budd på Edøya — som rimeleg kan vera på ein så lagleg stad ved skipsleia. Namnet på øya er første gongen nemnt i eit arvebrev frå 1329 etter ein «herra Petr i Edøy», og han var just ingen fattigmann. Kanskje har Edøy-kyrkja frå først av vore eit privatkapell for Edøy-herren og hans folk, for opphavleg var ho enda mindre enn ho er no. Aure-kyrkja var nok hovudkyrkja, men folk «utafor fjorden» sökte til privatkapellet på Edøya, og etter kvart vart dette for soknekyrkje å rekna, og fekk status som det. Slik kan det ha gått til.

At det før steinkyrkja har stått ei trekirke på same staden, er ikkje urimeleg. Namnet Korsvollen på Edøya set elles tanken på at det før både

tre- og steinkyrkje har vore samlestad for «gudsteneste» der. I den første kristentida var det langt til kyrkje, og da vart det ofte reist ein stor kors på ein høveleg stad der dei kristne samla seg til gudstilbeding. Til ein slik kors sørkte og farande på sjø og land til andakt og bøn. Både sør og nord for Edøy er det harde sjøstykke, og dei sjøfarande kunne nok ha hug til å sjøka i land til ein bedekors på Edøy og beda om godt ver eller takka for heldig reise.

Vi veit lite eller inkje om Edøy-kyrkja dei første hundreåra ho må ha stått; ho vart iallfall med tida soknekyrkje for folk både frå Smøla og Tustna. Men etter kvart auka busetnaden på væra vest og nord for Smøla, særleg etter at fisket tok seg opp og var det reine storfisket i 1400- og 1500-åra. I fisketida krydde det av folk i væra, og det seier litt om dei gode tidene der at mange av dei rike jordeigarane frå Nordmørs-bygdene drog ut til fiskeværa og dreiv med oppkjøp av og handel med fisk.

Det vart slik at erkebispen i Nidaros fekk råderetten i fiskeværa på Møre- og Trøndelagskysten, og han hadde sine folk der til å stå for styr og stell. Om det nok kunne vera heller folketomt i væra utanom fiske sesongen, gjorde den store tilstrøymingen i vinterhalvåret det klårt at erkebispen måtte syta for særskild Guds ords forkynning i fiskeværa. Derfor vart det bygd små kapell i dei største væra. Av Smøla-væra vart det slike fiskarkapell på Odden, Brattvær og Veien (Veiholmen), og ein eigen prest har nok tent desse 3 kapella. Dette må ha hendt på 1400-talet eller kring år 1500.

Det var værfolket sjølv som kosta kapellbygginga og heldt husa ved like. Den rette soknekyrkja var framleis ho på Edøy, og det var ho som hadde retten til tienda frå værfolka, jamvel om dei hadde fått sine eigne små kyrkjer. Men fisket var rikt, så det var ingen vanske med vedlikehaldet. Verre vart det nok seinare da fisket gjekk tilbake. Da kunne det bli så som så med vølinga. For tiendeinnkoma gjekk framleis til Edøy-kyrkja, og slik vart det like til 1879, da heradet overtok Edøy-kyrkja.

Om ikkje kapella formelt var soknekyrkjer, så var dei det i gagnet. Kanskje var det ikkje prest der i den stille årstida dei første åra, men med tida vart det iallfall fast prest for dei 3 kapella året rundt.

ALTARSKÅPET FRÅ VEIEN KYRKJE

Fiskhandlarane førde tørrfisken til Bergen, der dei tyske hansakjøpmennene rådde til 1500-åra. Dette samkvemet med hanseatane har vi eit vitnemål om i eit altarskåp som kom til kapellet på Veien. I nordtyske byar var det på den tid verkstader der meister og mange sveinar laga slik kyrkje kunst, som dei selde til fleire land. Truleg vart det skaffa noko utstyr til dei andre kapella og, men vi har iallfall ikkje noko som finst att no, bortsett frå eit krusifiks frå Brattvær — det kan vera kome frå Tyskland, men helst noko seinare enn Veien-skåpet.

Dette skåpet står no i Oslo, i Universitetets Oldsaksamling, der det har stått sidan 1870. Det året gjorde adjunkt Bendixen i Kristiansund ei granskingsferd rundt Smøla, og i årboka for fortidsminnesmerkesforeininga for 1878 skreiv han m. a.:

«I Hopen kirke oppdaget jeg et alterskap av eketre som hadde tilhørt den nedlagte kirke på Veiholmen (Veidu kirkja). Det er 1,10 m høyt, 58 cm bredt og ca. 13 cm dypt. Mellom det tverrbrettet som figurene står på, og bunnen er det gjennombrudte ornamenter i gotisk stil, og lignende ornamentar, som forestiller baldakiner over figurene, henger ned fra skapets overkaft. De utskårne frittstående figuréne er:

I midten Kristus med korslagte ben, tornekrone og forgylt klede om lendene på et trearmet kors (St. Antonius-kors eller egyptisk kors). Til høyre Maria med barnet, som griper etter et eple som Maria holder i sin høyre hånd. Omkring Marias hode er en glorie av spisse, forgylte tagger.


Til venstre står St. Olav, som mot sedvane holder den langskaffede øks i sin venstre hånd, og i den høyre hånd et kirkelig kar med høy fot (monstranshus eller ciborium, der det innviede brød ble oppbevart). Under hans føtter ligger som alltid et uhyre med menneskeansikt (hedendommens symbol), her med en slags barett istedetfor krone på hodet.

Begge figurene er rikt forgylte, kjortlene røde og blå. Skapbunnen er forgylt, med arabesker. På indre side av fløydørene er framstilt St. Paulus og St. Peter, på yttersidene St. Sunniva med sitt symbol i hendene (klippestykket med helleren) og St. Olav i platerrustning, men ellers framstillett som vanlig. Alle de malte figurene har som bakgrunn et landskap med trær.»

I boka «Senmiddelalders kunst i Norge» har Eivind S. Engelstad skrive om alle alterskåpa som no finst frå dei katolske kyrkjene her i landet. Om Veien-skåpet seier han at målarstykkja på fløydørene framleis er gode, medan dei to skulpturane (figurane) i midten er i mindre god stand. Begge kronene (på Maria og St. Olav) er defekte, Olav manglar øks og Marias stråleglorie er nokså redusert, og bakgrunnen er sterkt defekt. Når det gjeld målinga, så er bileta på fløydørene originale og ikkje seinare endra, medan dei to skulpturane er overmåla på nytt.

Engelstad finn på grunn av utføringa ut at skåpet må vera laga i Lübeck, og truleg ein gong i 1520-åra. Elles skriv Engelstad at det er utført «av en kunstner som bare delvis er bundet av „realistiske hemninger“, men ellers i utstrakt grad benyttet de nye stiltiltrekk. Maleriene skyldes uten tvil en av Lucas Cranach d. e.'s elever i Lübeck». Kva han meiner med skort på «realistiske hemninger», skjønar vi betre når vi les desse linene frå eit brev konservator Blindheim ved Universitetets Oldsaksamling skreiv i februar 1967 til sokneprest Terray:

«Det er et interessant lite skap, men ikke uvanlig hverken hva det gjelder kvalitet eller ikonografi. Som De selv påpeker virker det uvant på oss å se St. Olav under korset på Johannes' plass og likeledes Madonna med



Altarskåpet fra Veien kyrkje med dørene opna.

barnet der hvor den sorgende Maria skal stå. Dette er alt sammen et av de mange tegnene på den forvirring som oppstod i slutten av middelalderen. Dessuten viser det også hvilket omdømme St. Olav hadde. Alt på 1300-tallet finner vi Olav omgitt av evangelistsymbolene på et antemensale i Trondheim domkirke. På samme tid som Veienskapet blir Olav plassert i skap ved siden av Vårherre med den døde sønn på fanget osv.»

Utanom Veien-skåpet finst det 3 liknande alterskåp fra andre nordmørs-kyrkjer, nemleg Grip, Kvernes og Aure kyrkjer, men desse skåpa står framleis i sine eigarkyrkjer.

Det nemnde krusifikset frå Brattvær kyrkje, nemner Bendixen slik: «Et krusifiks som henger over oppgangen til koret, er sannsynlig fra senere tid; frelseren har et lidende uttrykk.»

KYRKJETILHØVA I 1589

Vi veit ikkje korleis gjennomføringa av reformasjonen her i landet i 1537 verka for Smøla-kyrkjene. Men dei tre værkyrkjene låg iallfall såpass unna allfarveg at endringa truleg gjekk heller sakte og mildt for seg. Det var sjølvsgått smått om lutherske prestar, så mange av dei katolske prestane fekk halda fram i tenesta, med pålegg om å preika den nye trua. Kongen tok over all eiga til erkebispen, såleis kyrkja på Edøy, medan dei tre private fiskarkapella, som altså i namnet hadde status som soknekyrkjer, framleis vart i værfolket si eiga.

Kyrkjetilhøva i dei første åra etter reformasjonen var nokså flytande. Sist i 1580-åra reiste bispen og lensherren i Trondhjems Stift omkring frå prestegjeld til prestegjeld og ordna tilhøva. I den såkalla Reformasen frå 1589 finn vi korleis tilhøva var i kvart gjeld, og dei brigda som vart gjorde. Smøla sokna til Aure prestegjeld, og her vart ingen endringar.

Aure-gjeldet hadde 5 kyrkjer med 2 prestar. Gudsteneste skulle det som før vera 2 helgedagar på rad i hovudkyrkja i Aure, og den tredje helgedagen på Edøy. Soknepresten skulle gjera teneste i desse to kyrkjene. Kapellanen på Vestsmøla skulle preika ei helg i Odden, den neste på Brattvær og den tredje helgedagen på Veien.

Til Edøy-kyrkja sokna 36 tiendytarar, til Odden 36, til Brattvær 46 og til Veien 33. Tiend (skatt) av innkoma måtte svarast av bønder og andre som dreiv sjølvstendig næring, såleis fiskarar, men ikkje husmenn og folk som var i teneste hos andre. Noko av tienda skulle gå til vedlikehald av kyrkjene, men dei tre værkyrkjene fekk som før nemnt ikkje noko av det. Folket som sokna til Odden, Brattvær og Veien måtte såleis yta omframt til vøling av kyrkjene sine, det same galdt løn til presten. Reformasen seier at kapellanen skulle ha kyrkjoffer (truleg ein eller to gonger i året), og betaling ved truloving og bryllaup, ved gravferd og av kyrkjegongskonene (første gong ei kvinne møtte i kyrkja etter barnefødsel, skulle presten følgja henne inn). Desse innkomene kunne ymsa noko, dessutan hadde ikkje kapellanen hus eller gard, så det var knapt noko feitt kall. Men om ikkje Reformasen nemner det direkte, så fekk truleg kapellanen noko av prestetienda i løn av aurepresten, iallfall vart det slik seinare.

Det går fram av Reformasen at dei 3 kapella i røynda gjorde teneste som soknekyrkjer, men tiendinnkome vart likevel ikkje lagt til dei. Om kapelllanløna heiter det elles at folket må hjelpe til med hans underhald dersom dei vil ha ein residerande prest hos seg. Av det må vi skjøna at det stod til folk sjølv om dei ville løna prest og vedlikehalda kyrkjene, i anna fall hadde dei den utvegen å søkja til Edøy-kyrkja, som formelt sett var deira rette soknekyrkje.

Om værfolket alt da har klaga over at dei ytte tiend til Edøy-kyrkja medan deira eigne kyrkjer ikkje fekk noko av den, er uvisst. Men seinare vart det iallfall gjort. I eit brev frå det kongelege danske kanselli til stiftsamtmannen og biskopen over Trondhjems Stift i 1803 (Bispearxivet pk. 51) går det fram at «Almuen i Hopens og Bratvæhrs Annexer» hadde søkt om at deira kapell fekk tiend, eller at Edøy-kyrkja sytte for vedlikehaldet. Til det vart det svara at det i Hopen og Brattvær var såkalla *nådeskapell* som ikkje hadde krav på tiend, og at eigaren av Edøy-kyrkja (ho var no i privateige) hadde kjøpt både kyrkja og tiendinnkoma som følgde, så «om-meldte Annexkirker bør af de vedkommende Almue selv holdes vedlige».

SYNFARING VED KYRKJENE I 1661

Det eldste skriftlege vi har om korleis smølakyrkjene var, er ei fråsegn frå ein kommisjon som i 1661 såg over dei og andre kyrkjer (Riksarkivet, kyrkjerekneskap pk. 71). Der heiter det om

Edøy kyrkje: Kyrkja har grunnmur og bordtak med eit lite tårn eller spir av treverk. Sjølve kyrkja er bra halden ved like, men taket er ymse stader därleg og treng våling. Særleg treng taket tjørebreibing, og det må gjerast i sominar.

Messeskjorte, korkåpe og altarduk er utslitne og ubrukande, så nye trengst i staden. I tårnet er 3 klokker, men den største har i nokre år vore utan kolv, og feste for kolven vantar og. Halvparten av kyrkjegardsgjerdet er mangelfullt og därleg, og treng våling. På den vestre ende i kyrkja er ein oppbygd lem, men stolpane under er skrale og må reparerast.

Odden annektskyrkje: Ho er bygd av stavverk med bordtak utan tårn og spir, og ytterveggene er bordkledde. Innreiing og ornament er vel haldne ved like av dei fattige soknefolka frå Odden og omliggande holmar. Men messeskjorta er utgamal og mykje slitt. Kyrkja har ikkje inntekt eller kapital til reparasjon, utan det ho får frå soknefolket, som er kring 30 i talet, dessutan 3 eller 4 handelsborgarar i Odden.

Tjørebreibing vantar på tak og bordkledning på kyrkja og det vesle våpenhuset, og elles og treng kyrkja våling om ho ikkje skal koma til nedfalls.

Brattvær annektskyrkje: Ho ligg tre mil ut i havet, på den høgste bakken i Brattvær, og er utan tårn og spir. Ho er oppbygd av stavverk med bordtak og med bordkledning på veggene. Tak og bordkledning er nokså därlege og trenge tjørebreibing og våling. Her er ein kyrkjegard, som ikkje berre blir brukt av brattværingane, men også av folket på Odden og Veien til gravleggjing. Men han er ikkje inngjerda. Innvendes er kyrkja etter måten bra halden ved like. Ho har inga innkomme utan det ho får frå soknefolket, som er 15 huslydar i Brattvær og 8 frå Smøla. Tilsynet med kyrkja har kapellanen hr. Kristen Olsen.

Veien annektskyrkje: Ho ligg 4 mil eller roskifte til havs, og blir tent av herr Kristen, som bur på Brattvær. Skipet er bygd av stavverk, men koret



Veien-skåpet med attlatne dører.

av tømmer. Taket er bordtekt og har ikkje tårn eller spir, og alle veggene er bordkledde. Men tak og bordkledning er delvis dårleg, og treng tjørebreiing. Kyrkja har inga inntekt utanom det ho får frå soknefolket, omrent 30 i talet, dei fleste frå Smøla, dessutan 2 handelsborgarar i Veien og 1 i Steinsøysund.

Så langt kommisjonsfråsegna frå 1661. Sidan det er så få oppteikningar frå eldre tider, kan vi og ta med det Gerhard Schøning noterte ned om Smøla-kyrkjene på si reise gjennom Nordmøre i 1773. Han kom ikkje til Smøla, men hadde nok spurt seg til nokre få opplysningar. Om Edøy kyrkje har han berre at ho var av stein, med eit lite tårn. Om Odden skriv han at der var ei kyrkje for 50 a 60 år sidan, men at ho bles ned. Brattvær-kyrkja nemner han ikkje, men om Veien har han at der før hadde vore ei eldgamal stavkyrkje. I staden for ho var det bygd ei vakker kyrkje på Hopen, med tårn og spir, åttekanta, med høge dobbelte vindaugo på begge sider, og med prekestol over altaret.

Adjunkt Bendixen vitja i 1870 dei 3 kyrkjene som da stod. Frå Hopen kyrkje nemner han berre altarskåpet, men frå Brattvær kyrkje skriv han at «på begge sider av opningar mellom kor og skip står to små ille medfarne figurar, den eine Maria med den døde frelsar på fangen, den andre ein langskjegga mann, truleg St. Peter. Begge figurane har spor etter gips. I altarrommet blir gjøymt ein slags høgrelieff av kvit marmor, den øvste delen er avslegen, men ein kan tydeleg sjå at det er ei framstelling av den korsfesta frelsaren mellom Maria og Johannes. Relieffet er no 21 cm høgt og har i nedste kanten 2 innsøkk som om det har vore innfelt i ei ramme. Elles ligg det i ein trekapsel, med gipsrestar på kanten, ei lita marmorplate, 21 cm lang og 10 cm brei, truleg dekkplata i eit reliekviegjyme».

Frå Edøy kyrkje nemner Bendixen eit trebilete som står i ein krok i skipet. Det viser ei krona kvinne med ei bok i eine handa, og med nerdelan innhylla i ei kappe. Figuren har vore gipsa, og på kappa er det merke etter blå og raud farge, og andletet har vore måla med kjøttfarge. Figuren tyder elles på at han har hørt til ein prosesjonstav der det brukte å vera oppstilla to helgenbilete med ryggen mot kvarandre.

Alt dette viser at utstyret i kyrkjene frå den katolske tida ikkje vart øydelagd, men truleg for det meste fekk ha sin plass i kyrkjene også etter reformasjonen, om nok somt kunne bli sett til sides. No er det likevel berre to av desse gamle tinga vi har: altarskåpet frå Veien og krusifikset frå Brattvær.

Med alle dei 4 gamle kyrkjene gjekk det dårleg. Med kyrkja på Odden gjekk det slik at vinden braut ho ned like etter 1700, og som rimeleg vart ho ikkje oppattbygd. Vegen til Brattvær var ikkje avskrämeleg lang. Kyrkja der datt nok ned omrent på same tid, men ho vart heller snart oppattbygd, og stod like til 1888, da ho ute av bruk og nokså skrøpeleg og dårleg vedlikehalden vart nedriven. Heller ikkje i bruk lenger var Edøy kyrkje da ho

vart øydelagd av brann i 1887. Kyrkja på Veien gjekk og sin undergang i møte da folketalet inne på Fastsmøla tok til å auka.

NY KYRKJE SKAL BYGGJAST PÅ HOPEN

Kvar Veien kyrkje har stått, veit ein ikkje visst, men enno er namnet Kyrkjebekken i bruk av veiværingane, jamvel om det ikkje er nokon bekk på denne staden no. Men rimeleg nok må kyrkja ha stått der eller i allfall ikkje så langt unna.

Etter kommisjonsmeldinga frå 1661 møter vi Veien kyrkje att i eit brev kapellanen Niels Holbye skreiv i 1746 (Statsarkivet: Nordm. prosti, innkomne brev 1732—46). Etter m. a. å ha nemnt at kyrkja hadde to medhjelparar, Einar Anderssen og Peder Olssen Sæter, som var «skikkelege og til dels gudfryktige menn», skriv han om kyrkja at ho

«er av dei såkalla gamle stavkyrkjer, er svært lita og dessutan så forfallen at soknefolket for 7—8 år sidan tenkte på å byggja ei ny. Til det var det ved omgåande kollekt samla inn nokre pengar og materialar, men så vart det ordskifte om kyrkja skulle stå på Veien eller Hopen, og dermed stranda tiltaket. Elles har ikkje kyrkja noka innkome utanom den skilling eller to som dei som går til altars gjev i bøssa, men det utgjer ikkje så mykje».

Det var altså kring 1738 det var tale om den nybygginga det ikkje vart noko av. Folketalet inne på Fastsmøla var no såpass stort at dei der ville ha eit sterkt ord med i laget. Og kommerseråd William Hammond (kjøpmann i Trondheim), som i 1738 hadde kjøpt Smøla-godset av Hans Horne-mann (han og var Trondheims-kjøpmann), fekk folket på Nordsmøla med seg på ein søknad til kongen om at dei måtte få løyve til å byggja kyrkje på Hopen. Og kongebrevet med løyve til kyrkjebygg på Hopen kom i 1745, underskrive av Kong Kristian 6 (avskr. i bispearkivet pk. 51). Her heiter det at

«kommerseråd William Hammond allerunderdanigst saman med folkt på Smøla har søkt om å få byggja ny kyrkje på øya Smøla. Dette har han gjort som eigar av øya Smøla, som skal liggja ytst ved havet i Nordfjord (!) futedøme, bortimot 7 mil i omkrins, 3 mil lang og 1½ mil brei. Der skal det ikkje vera noka kyrkje, men folket har måttå søkja tre kyrkjer, Edøy, Brattvær og Veiholmen. Sistnemnde skal vera eit lite fiskevær ytst i havskjera ei mil frå Fastsmøla der heile havet står på, og det skal vera svært farleg å fara dit frå Smøla.

Fordi Veiholmen kyrkje er så forfallen at ei ny må byggjast, og fordi det på Veiholmen berre bur nokre få fiskarar, medan kyrkjelyden på Smøla er på omkring 300 menneske, som med så stor møde har måttå søkja Veiholmen kyrkje, så vil vi allernådigst gje løyve til at den nye kyrkja kan byggjast på Fastsmøla — på kommerseråd Hammonds gard Hopen, som skal vera den beste staden både for kyrkja, presten og ålmugen, og med høve til å laga både kyrkjegard og veg».




Sokneprest Terray i den messehakelen som eigaren av Smøla-godset, kjøpmann William Hammond, gav til den nye «Smølen kirke» i 1749. På altaret dei to lysestakane fra 1761.

Til slutt gjev kongen løyve til at det kan samlast inn pengar til kyrkjebygginga ved alle kyrkjene i landet komande Mikalsdag (29. sept.) og i påska neste år. Det var ein vanleg måte å skaffa pengar til kyrkjebygg på.

Vi skjørnar at opplysingane i kongebrevet er gjevne av Hammond, men han hadde nok prest og bisp bak seg. Veiværingane var sjølvsagt ikke så glade for dette kongeløyvet, og i januar 1747 sende dei eit protestbrev til biskopen (Bispearkivet pk. 51). Det er underskrive av fem menn på vegner av folket på Veiholmen. Det går fram at dei har tala med biskopen og stiftamtmannen på Aure prestegard i juli året før. Der hadde dei gjort framlegg om at Brattvær kyrje heller kunne flyttast til Dyrnes og vera kyrje for dei på Fastsmøla, så fekk dei på Veiholmen ha si eiga soknekyrje. No minner dei om dette, og held fram at om kyrja på Hopen likevel skulle bli bygd, at ho da berre får rang som kapell.

Elles seier dei seg leie for at smølaværingane har svikta dei. For da det



for nokre år sidan var tale om å byggja ny kyrkje, var heile kyrkjelyden einig om at den skulle stå på Veien fiskevær, og på grunn av denne einskapen vart det søkt om løyve til å senda om ei kollektbok i Nordmøre og Trøndelag. Det kom inn 90 riksdalar, og for dei vart det straks kjøpt inn materialar som trøngst, bord, tømmer, vindauge, prekestol, spikar og anna, men dette vart no til inga nytte og låg berre og rotna. Elles står det i brevet at det alt var tinga tømmer frå Aure til kyrkjebygget på Hopen.

Når Hammond og folket på Nordsmøla hadde greidd å få kongeløyve til kyrkje på Hopen, var det sjølvsagt vanskeleg for veiværingane å koma nokon veg. Dessutan var presten imot at Veien-kyrkja skulle haldast ved lag. I 1749 var nemleg Smøla utskild frå Aure prestegjeld og gjort til eit sjølvstendig prestegjeld. Til sokneprest vart utnemnd kapellanen på Smøla, Jacob Aarøe, og han tykte nok at han greidde seg med 3 kyrkjer (Edøy, Brattvær og Hopen), om han ikkje også skulle gjera turen til Veien kyrkje attåt. Det vart kjøpt prestegard på Rosvoll, og derifrå vart vegen lengre enn før for han både til Brattvær og Veiholmen.

Kyrkja på Hopen var ferdig i 1749, men det vart ikkje teke noka avgjer om kva som skulle gjerast med Veien kyrkje. Biskop Nannestad kom til Smøla i 1752 og drog ut til Veiholmen for ved sjølvsyn å setja seg inn i tilhøva. Om kyrkja skreiv han at ho var ei «liden, gammel og brøfstældig stavbygning. Den hele menighed på det fiskevær består av 14 fiskere». Noka avgjer vart det ikkje no heller, og veiværingane ville ikkje gje seg.

I eit brev bispen skreiv til prosten i 1757 (Statsarkivet: Nordm. prosti, innkomne brev 1746—57), heiter det m. a.:

«Ein ved namn Paul Sunbek har skrive til meg om reparasjonen av Veien kyrkje, og eg bed om å få vita kva prosten meiner om det. Presten, Jac. Aarøe, ... er ikkje for at Veien kyrkje skal brukast, men å øydeleggja ho står ikkje i vår makt. Eg ser nok at folket på Veien ikkje vil vera med på vedlikehaldet av Hopen kyrkje, men dei greier likevel ikkje å setja si kyrkje i stand. Dei kan elles lettint søkja til den Herre Zebaoths kyrkje på Smøla, men det står dei i hovudet at dei har kyrje sjølv, og ho må ikkje øydeleggjast utan kongeløyve. Og presten ser nok at det blir omframtid arbeid for han å tena denne kyrkja.»

Når soknefolket på Smøla fall frå, vart veiværingane sjølve for få til å greia vedlikehaldet av ei eiga kyrkje. Når dei så elles ikkje kom nokon veg, er det rimeleg at dei kom til at einaste utvegen var å riva kyrja, før ho datt ned av seg sjølv. I alle fall meldte prosten til bispen 3 månader etter ovannemnde brev, at veiværingane tenkte å riva kyrja si. Og bispen svara at prosten endeleg måtte gjera dei kjent med at det kunne dei ikkje gjera før kongeleg løyve var innhenta. Men det var det sjølvsagt ikkje vanskeleg å skaffa slik saka stod, og kring 1760 må vi rekna med at den gamle Veien kyrkje vart riven. Det gamle altarskåpet vart flytta til Hopen kyrkje, men noko meir derifrå veit vi ikkje om i dag.

DEN HERRE ZEBAOTHS KYRKJE BLIR VIGSLA

Som nemnt stod kyrkja på Hopen ferdigbygd i 1749, og ho vart vigsla av biskop Nannestad 5. august det året og fekk namnet «Den Herre Zebooths Kirke». Ho vart og nemnt «Smølen kirke» av di ho var den første kyrkja på Fastsmøla. Meldinga frå bispen om vigslinga er berre på 2 liner, men vi veit iallfall at han føreåt bad om at 3–4 av dei nærmeste prestane måtte vera til stades, og vi får tru dei kom. Om korleis kyrkja såg ut skreiv Nannestad i si lommealmanakk at ho «er rund (8-kantet) av bygning, alteret uten altertavle, prekenstol oppe over alteret, et godt stort sakristi, hvor oppgangen til prekenstolen er. Ikke funtrom, kirkegård eller bordkledning. Det er et fint tårn på kirken med 2 klokker i».

Kommersråd Hammond hadde gjeve ein messehakel til vigslinga, med Jesus på korset, årstalet 1749 og bokstavane W. H. utskore av metall og påsydd ryggstykket. Eit tiår seinare gav presten to 3-arma lysestakar av messing til altarbruk, med namna til han og kona på fotstykket: «Jacob Arøe, Anna Dorothea Thue 1761». Både messehakelen og lysestakane er framleis i bruk.

Dagen etter vigslinga heldt biskop Nannestad visitas i nykyrkja, og han skreiv i meldinga etterpå at «menigheten viste seg mer andektig ved guds-tjenesten og aktsomme på lærdommen enn på noe annet sted Ungdommen var mange, meget vel undervist og greie til å svare Klokkenren var fra Edøy, for det var ingen som ville ta på seg klokkertjenesten siden innkomstene var så små. Det ble framstilt to medhjelpere, men de bad om å få slippe, da de var fattige fiskere som ofte var lang tid borte fra heimen. Til kirkeverge var ingen å få, så presten tok på seg å stå for kirke-tilsynet inntil videre».

Det gjekk berre 3 år før biskop Nannestad kom att til Hopen og heldt visitas, det var i juli 1752 og samstundes med at han drog ut til Veiholmen og såg på kyrkja der. Enno hadde ikkje Hopen kyrkje fått eigen klokkar, så klokkaren frå Brattvær hadde gjort teneste hittil. Det var ikkje lite folk samla, og mange frå Brattvær og Veiholmen var der og. Som før var folket andektig og lærvillig under gudstenesta. Ungdomen var talrik frå Hopen og Brattvær sokn, men slett ingen frå Edøy sokn av di dei heldt seg for krenkte ved at visitasen ikkje vart halden ved hovudkyrkja. Men på grunn av synfaringa på Veiholmen, måtte visitasen vera i Hopen kyrkje, særleg da sidan Rosvoll prestegard enno ikkje var bygd. Til prestegardshus hadde kongen løyvt 300 riksdalar, som alt var utbetalte.

TILSTANDEN FOR KYRKJA FRAM GJENNOM ÅRA

Så mykje om kyrkja i tiåra frametter veit vi ikkje, men folkemengda var nok ikkje så stor at det var heilt lett å greia vedlikehaldet. Jamvel om ho var nybygd, kunne vel somt gjerast betre. For i 1757 skreiv biskop Nannestad til prosten at «den innsendte beregning over Hopens Kirkes fornødne



Prestskyss frå Hopen i gamle dagar, fotografert av sokneprest Rambech. Frå venstre dei fem rorskarane Just Myren, Petter Eliassen, Johan Skjøtøy, Martinus Hopen, John Husby, og så to som fekk vera med til kyrkja: Nikolai Steinsøy (til høgre) og Matea Steinsøy. Båten er ein sørkjøring (fyring, firroring) med råsegler.

forbedring må menigheten selv se til å bestride, for de kan vel ikke vente at andre skal bekoste det for dem».

Frå 1800-åra veit vi noko meir. I 1801 skreiv såleis sokneprest Holck om tilstanden for kyrkjene: «Hovedkirken er en sterkt grunnmuret kirke, men liten og behøver noen reparasjon. Brattvær kapell er gammelt, men vel vedlikeholdt. Hopens kapell er nyere, men for stort for sin fattige almue og for kostbart for dem å vedlikeholde. Derfor er de i gjeld til kirkevergen Jonas Nidaros for siste reparasjon.»

Samstundes opplyste Holck at hovudkyrkja ikkje hadde pengemidel, men Brattvær kyrkje hadde 200 riksdalar utsette på rente og dessutan noko penger hos kyrkjeverja Daniel Iversen. Hopen kyrkje hadde 100 riksdalar utsette på rente. Desse pengane hadde væreigar Rasmus Danielsen på Brattvær testamentert til dei to kyrkjene i 1761.

I 1805 skreiv Holck noko liknande: «Edøy kirke trenger noen reparasjon utvendig, Brattvær trenger også reparasjon, og Hopen ennå mer. Den siste er alt for stor og står og forfaller, og er ennå i gjeld til kirkevergen for siste reparasjon. Den står også på et noe værhårdt sted.»

Frå ei synfaring ved Hopen kyrkje i 1819 kan nemnast at ho trong til vøling 200 takstein, 6 tylfter bord til vestre vegg og $1\frac{1}{4}$ tønne tjøre til tårnet. Det gjekk 2—3 år før dette vart gjort. Ei synfaring i 1829 synte desse veilene: «Sakristiet er på østre side sunket mye, så golvet heller betydelig, og sakristiet mangler en dør. Bordkledningen er hist og her noe bedervet og trenger overalt til maling. Taket er godt unntatt at det mangler en del taksten. Et vindu mangler i kirken. Muren under kirken trenger reparasjon på flere steder og burde kalkes. Innhegningen om kirkegården er heller måtelig. Begge kirkeklokkenne er istykkerslått.»

Dette var ein god del, men året etter vart visst det meste gjort. I 1838 heitte det at «Hopens kirke mangler adskillig, men den fattige almoe kostar siste sommer 180 spesiedaler på den, og ennå behøver den reparasjon for 100 spd.».

Tredje juledag 1842 slo lynet ned i kyrkja og gjorde stor skade. Noko av tårnet vart sprengt sundt, bordkledninga på to sider avriven og sju vindauge gjekk i stykke. Ein rekna at det ville kosta minst 400 riksdalar å vøla skadane. Dei verste vart vølte straks, men det tok nokre år før det meste var unnagjort.

Om noko vart vølt, så var kyrkja ikkje bra, men ikkje verre enn at ho var godt brukande. I ei fråsegn frå 1878 underskriven av kyrkjeverja Eilert Eliassen Hopen og Søren Knutsen Hopen heiter det at kyrkja var i så god stand at der kunne haldast kva kyrkjeleg forretning som helst. Taksten for kyrkja var kr. 12.000,00 og for kyrkjegarden kr. 800,00.

I 1866 vart det gjort ei lita endring inne i kyrkja, med di dei runde pillarane mellom skip og det ein kunne kalla kor, vart tekne bort. Dermed vart det betre å høyra presten frå altaret. Over altaret stod altså preikestolen, og han vart eit tiår seinare flytta noko lenger fram og ut på høgresida. Dermed kunne han koma noko lægre ned og nærmare tilhøyrarane.

Folketaket hadde auka, så på høgtidsdagar og i godver vart kyrkja altfor lita. Og presten klaga over at folk måtte sitja like inn til altarringen, og at det hadde hendt at på ein dag hadde 5 personar vorte sjuke og svima av.

FØREBUING TIL NY KYRKJE

Sommaren 1886 vart kyrkjehuset sett grundig over, og det vart oppdaga såpass mykje skrøpeleg, at ei nemnd vart nedsett til å ordna opp. Nemnda rådførte seg med byggmeister Hovde, som kom til at kostnaden med ein storreparasjon ville bli tyngre å greia enn å byggja ny kyrkje dersom ein kunne få tilskot og lån. Nemnda gjekk da inn for ny kyrkje snarast.

Søknad om statstilskot vart sendt, men stiftdireksjonen returnerte søknaden utan å senda han vidare til departementet, fordi det var utruleg at det var nytte i det. Stiftsdireksjonen gjorde derimot framlegg om at kyrkja vart utvida med påbygg på to motsette sider, for slik hadde det vorte gjort med Stokksund kyrkje.

Men Hopen soknestyre sendte i oktober 1887 på ny søknad om å leggja ned den gamle og byggja ny kyrkje, dessutan om frie teikningar og tilskot. Departementet svara i april året etter at det kunne ikkje da svara om det ville tilrå lån og tilskot av Opplysningsvesenets Fond, tilskot vart elles berre gjeve i uvanlege høve. Men det sendte teikningar og kostnadsoverslag for ei nybygd kyrkje i Komagfjord i Finnmark, og meinte desse kunne brukast i Hopen og.

Soknestyret rådførde seg etter med byggmeister Hovde, og dei vart samde om nokre endringar i teikningane, m. a. at kyrkja vart noko breiare. Byggkonsulenten for departementet, arkitekt Schirmer, kom til at endringane auka sitteplassane til 300, medan føresetnaden hadde vore at det ikkje skulle vera over 260. Han ville derfor korta inn skipet med 1,5 m, slik at lengda på skipet vart 13,8 m, og han hadde arbeidt ut nye teikningar etter det. Soknestyret gjekk med på det.

På budsjettet for Opplysningsvesenets Fond 1889—90 førde departementet opp kr. 4.000,00 som tilskot til Hopen kyrkje, men Stortinget løyvde berre kr. 2.000,00. Departementet rådde soknestyret til å søkja om lån for restsummen som trongst. Soknestyret søkte om kr. 10.000,00, og det gjekk i orden.

Ein kongeleg resolusjon i mars 1890 gav løyve til å riva den gamle kyrkja og byggja ei ny på same tomta. Til byggjenemnd valde heradsstyret Joh. Ramsli, Veiholmen, H. Adf. Width, Veiholmen, Nils Isaksen Stensø, Johannes Jakobsen Bjøringsø og Søren Knutsen Skjøtø. Nemnda valde Ramsli til formann.

Innbyding til å senda inn pristilbod på bygginga vart sendt ut, og 8. oktober 1890 hadde byggjenemnden møte på Skjøtø for å ta ut det beste tilboden. Det var kome tilbod frå ein byggmeister i Trondheim, ein i Steinaker og frå byggmeister Chr. Hovde, Kristiansund. Hovde hadde bygd Skarpnes-kyrkja i 1885 og dessutan vore rådspurd i førebuingsida, så han var godt kjend. Nemnda hadde derfor kalla han inn til møtet, og etter noko akkordering godtok nemnda han som byggherre, og kontrakt vart skriven. Kyrkja skulle vera under tak seinast 15. september 1891 og overleverast ferdig seinast 15. juni 1892. For arbeidet skulle Hovde ha kr. 13.000,00 og den gamle kyrkja unntatt klokkene.

GAMLEKYRKJA NED, NYKYRKJA OPP

Siste gudstenesten i gamlekyrkja vart halden 8. februar 1891, og månaden etter tok rivinga til. Bedehuset på Veiholmen skulle no brukast til interims-kyrkje, og dit vart knefall og døypefont flytta. 1. mars vart første gudstenesta forretta.

Dette bedehuset på Veiholmen var bygd i 1884 for å nyttast til møterom når dei mange fiskarane strøymde til været i fisketida. Det kunne ta



Altartavla frå 1892 med bilete av oslo-målaren Christen Brun, som har kopiert eit målarstykke av den kjende danske målaren Carl Bloch.

— Altarduken er broderarbeid fra Hongkong, og mottatt som gáve i 1950.

kring 600 personar, og kosta kr. 2.550,00. Av det var vel kr. 1.000,00 kome inn ved friviljuge gåver, og så løyvde Stortinget kr. 1.000,00 i 1885.

Noko av treverket frå den rivne kyrkja vart brukt til å lengja stuebygninga på Kyrkjenes-garden til bustad for arbeidarane. Der kan ein framleis sjå dette tilbygget med dører, vindauge og galleritropp frå gamlekyrkja. Der låg og kyrkjeblokka (ei høg bøsse uthola av ein omgjorda trestokk) i mange år til ho vart stolen av ein omstreifar. Ein seglskipmodell (krigsskip) som hadde hange inne i kyrkja, kom bort under eller etter rivinga.

Under kyrkja var det nedsett lik (balsamerte, seist det), og desse vart jorda i ei sams grav på kyrkjegården.

Byggenemnda hadde fleire møte i byggetida, og nokre småendringar i planane som kostar nokre få hundre kroner meir, vart gjorde. Nye klokker

vart tinga frå L. Thallaksen i Trondheim, som kjøpte dei gamle for 175 kroner (kr. 1,00 pr. kg) og leverte nye for 1.112 kroner (kr. 2,80 pr. kg). Til altarbilete vart innkjøpt ein kopi av Carl Blochs «Kristus og dei bedande», kopiert av kunstmålar Christen Brun, og den kosta kr. 400,00.

Ein bibel (trykt 1793), kalk (frå 1883), messehakel, lysestakar og to mørkeblå kruskanner (ei til vin og ei til dåpsvatn) vart overførde frå den førre kyrkja.

24. juli 1892 møtte byggenemnda i kyrkja for å ta imot bygget, noko dei gjorde med «beste tilfredsstillelse». I alt kom kostnaden på kr. 13.450,00, og det vart dekt av lånet og tilskotet frå Opplysningsvesenets Fond og av litt frå andre kjelder.

20. juli 1892 vart så nykyrkja vigsla, og det er det fortalt nærare om i byrjinga av denne artikkelen.

ENDRINGER I OG UTANFOR KYRKJA

Kyrkjegården kring kyrkja vart nedlagd som gravplass i 1884. Han hadde vorte utvida med 1 mål i 1863, men jorda var våt og grunn, så det høvde därleg med meir utviding. Derfor vart det innkjøpt eit jordstykke i Ytre Roksvåg til gravplass for Hopen sokn på Fastsøyla og eit stykke på Innveien for Veiholmen. Bæggravplassane vart tekne i bruk i 1884. Seinare vart det gravplass på Sætran i 1934 og ved Aunvågen i 1933.

Kingos salmebok vart bruka i lang tid som kyrkjesalmebok, men ho vart utskifta med Hauges salmebok i 1878. I 1901 vart så Landstads salmebok innført.

Prestane vart før vårt hundreår skyssa til og frå kyrkja av soknefolket. Det var preike ved hovudkyrkja annakvar veke, og så ein gong i månaden i anneksa. I Stabells tid vart det oppsett ei stue på Hopsneset der presten budde når han kom utover. Han kom da helst laurdagen og reiste måndagen, og hadde ei kone til å stella for seg desse dagane. Seinare heldt prestane til på Skjøtøya.

Kyrkja har sjølv sagt fram gjennom åra vorte vogt og måla med jamne mellomrom. Særleg var det ein stor reparasjon i 1914, for lynet slo ned i kyrkja året før, og det gjekk hardt ut over tårnet. Det måtte ny koppar til på heile tårnet, og samstundes vart vesterveggen bordkledd på nytt. I 1929 måtte ei av klokkene utskiftast; den nye kom frå Olsen & Sønns klokkestøyperi i Nauen ved Tønsberg og har innskrifta «Land, land, land, hør Herrens ord».

Orgel vart innsett i 1916; det hadde før vore bruka i Brevik kyrkje og har årstalet 1861 påskrive med blekk. Det vart utskifta med eit Hammondorgel i 1953.

I 1960 vart kyrkja oppussa nokså grundig innvendes. Det var kunstmålar Olav Halse som stod for det. Altartavla vart gjort breiare med to vengar på kvar side, og Halsa måla biletet i fleire felt kringom veggane.

Venterom for dåpsfølgje o. a. og toalett vart påbygd på kvar side av tårnfoten i 1966. Og lyskastarar er oppsett som lyser opp kyrkja i dei mørke timar av døgnet.

PRESTAR, MEDTENARAR, OMBODSFOLK

Til slutt kan det høva å ta med namna vi veit på prestar, klokkarar, medhjelparar og andre som har vore knytte til kyrkja.

Prestar. Vi veit ikkje namn på kapellanane på Smøla før på 1600-talet. Den første er Hans Danielsen omkr. 1640, så Håkon, Christen Olsen frå 1646 og truleg så lenge som til 1695, Anders Bing 1695—1721, Christian Tonning 1721—39, Nils Holbye 1740—47, Jacob Aarøe (som vart den første sokneprest i 1749), Elias Heltberg 1775—77, Sebastian Pristroph 1777—85, Søren Holck 1786—1812, Augustinus Gaarder 1813—26, Halvor Heyerdahl 1829—42, Paul Stabell 1843—73, Stener Tandberg 1873—78, Ole Olsen Moe 1879—86, Søren Rambech 1886—1903, Alfred Nilsen 1904—09, Peder Toft 1910—1919, Ola Lynum 1920—28, Jørgen Rangnes 1928—36, O. A. Knarlag 1936—49, Alf Henry Kjellevold 1949—61, L. G. Terray 1961—67. Mellom presteskifta har oftast vikarprestar gjort teneste i stuttare eller lengre tid.


Klokkarar. Nils Rosvold var klokkar i anneksa frå 1802 og frå 1807 også i Edøy, og tenestgjorde ved alle 3 kyrkjene fram til 1852. Da vart det særskild klokkar ved kvar kyrkje. I Hopen var Elias Bremnes klokkar 1852—64, Anders Aandahl 1864—88, P. J. Larsen 1888—1901, N. E. Lervik 1901—09, i lærar Lerviks sjukdomstid etter 1909 var vikarane hans klokkarar, Ingebrigt Kvendset 1913—18, Sigurd Lind-Jenssen 1918—21, Just Myten 1921—25, Johs. N. Bjørgo 1925—32, Nils Rosvoll 1932—60, Aksel Angelhus 1960—.

Medhjelparar. Peder Jakobsen Veien 1847—58, Olaus Olsen Veien 1858—76, Johan Jakobsen Reirå til 1864, Johannes Jakobsen Bækken 1864—95, Kristian Larsen Veien 1876—84, Anders Eckhoff frå 1884, Johan Johansen Bækken 1895—1907, Iver Eckhoff 1910—12, Kristian Johnsen, Hopen 1907—45, Linus Johannessen, Veidholmen 1912—45, J. K. Lilleunes, Hopen 1945—60, Aksel Angelhus, Veidholmen 1945—, Idar Johnsen, Hopen 1960—, Per Gjevik, Steinsøysund 1964—.

Kyrkjetenarar. Petter Eliassen, Ole Nilsen (slutta 1930), Johan Eilertsen 1930—58, Nils Wullum 1958—.

Organistar. Kristoffer Width 1916—30, Petter Grimsmo 1930—36, Ella Gjevik Torske 1937—.

Kyrkjeverjer. Nils Hansen Stensø (slutta 1867), Nils Hansen Hopsnæs 1867—73, Iver Jensen Hopen frå 1873, Johan Ramsli, John Husby 1902—



To medbjelparar med lang tenestetid i Hopen kyrkje: Linus Johannessen 1912—45 (til venstre) og Kristian Johnsen 1907—45.

17, Anton Kjønhaug 1917—33, Johan A. Johansen 1933—50, Alfred Dalen 1950—56, Oddmund Solhaug 1956—66, Magnus Dalen 1966—.

Soknerådsmedlemer.

Frå gamalt var det presten saman med medhjelparane og kyrkjeverja som stelte med saker som vedkom kyrkja. Frå formannskapslova kom i 1837 styrtre dei valde formennene og representantane frå kvart sokn (soknestyret) med somt som var sams for soknet, t. d. kyrkje- og fattigstellet. Med lov frå desember 1920 vart det skipa sokneråd (menighetsråd). I Hopen vart det første soknerådet valt 5. mars 1922.

Desse har vore med i Hopen menighetsråd:

Sokneprest Lynum, formann 1922—28, Anton Kjønhaug, nestform. 1922—34, Olai Hottran 1922—27, Nils Rognskog 1922—33, Julius Dalseth 1922—30, Johan Ramsli 1922—25, Nikolai Stensø 1922—25, Petter Pettersen 1925—33, Jens Iversen 1925—33, Peder Gjevik 1928—31, Anton Edvard Kirkenes 1928—36, Konrad Bjørgsvik 1928—29 (også formann), sokneprest Rangnes formann 1931—36,

Peder Angelhus 1931—45, Nils Eilertsen 1931—33, Paul Bækken 1934—36, Bastian Width nestform. 1934—36, formann 1937—39, Emil Dalheim 1934—36, Ella Gjevik Torske 1934—45, 1958—, nestform. 1941, 1958—59, formann 1941, 1960—,

Iver Holberg 1937—49, nestform. 1941, Albert Hammer 1937—45,

sokneprest Knarlag formann 1940—41, J. K. Lillenes nestform. 1946—49, O. I. Torske formann 1946—49, Peder Olsen 1946—49, Peder Johansen 1946—49, Johan A. Johansen 1946—49,

Aksel Angelhus 1950—53, 1958—61, Johs. A. Brendskag 1950—53, Oskar Dalseth 1950—53, Bastian Gjevik formann 1950—53, Arthur Rosvoll 1950—53, Sigurd Wullum nestform. 1950—53, Jenny Width 1954—57, Arne Pettersen formann 1954—57, Ingara Bjøringsøy 1954—57, Isak Rognskog 1954—57,

Aslaug Dyrnes 1954—57, 1962—65, Solveig Angelhus nestform. 1954—57, Nils Rosvoll formann 1958—59, Per Gjevik 1958—61, nestform. 1960—61, 1966—, Jalma Aure 1958—61, Karen Hottran 1958—61, Jo-han Ramsli nestform. 1962—65,

Idar Johansen 1962—65, Peder S. Brendskag 1962—65, Nikolai Johansen 1962—65, Ingvarda Pettersen 1966—, Lars Vikhals 1966—, Johan J. Sætrana 1966—, Magnar Edvardsen 1966—.

Glimt fra Hopen menighet de siste årtier

— og hans miskunn er fra slekt til slekt over dem som frykter Ham.»

Luk. 1, 50.

Dette budskap har så mange ganger lydt også ut over vår menighet i Hopen kirke — utover fylte kirkebenker — og også da når fremmøtet var lite. Klokker har kimet i solfylte strålende sommerdager sammen med lerkejubel og måkeskrik, men også til akkompagnement av brølende vannkaskader fra storhavet når storm og uvær har vist sin velde. Klokker har kalt til vanlige gudstjenester, til høytid, og i tunge sorgens tider. Kirken har stått — og står som det store samlende midtpunkt, og vil så gjerne favne alle, unge og gamle, små og store:

«Der stander et hus i vårt høye nord
innviet Gud Faders enbårne.
Der springer en kilde, der dekkes et bord.
Der kimes til høytid fra tårne.
Der sukket vår far med glødende barm
når klokken rørte sin stemme.
Der felte vår mor en tåre varm
som ei hennes sønner skal glemme.» (A. Reitan.)

Det er så gripende å lese hva biskop Nannestad uttalte i «Den Herre Zebaots kirke» (Hopen) på visitas etter innvielsen i 1749: «Menigheten viste seg mer andektig ved gudstjenesten og aktsomme på lærdommen enn på noe annet sted. Ungdommen var mange, meget vel undervist og greie til å svare.»

Fra en gammel protokoll på Veidholmen finner vi en bekrefteelse på at folk i gamle dager, når bedehus ennå ikke var bygd, og brukbart gudshus på stedet manglet, så står det at de store bryggene bruktes til møtesteder under de store fiskesesongene. Sjeler brant altså etter å forkynne Guds ord, og hungrende mennesker kom for å høre. Kampen for tilværelsen, for det daglige brød, i strid mot veldige naturkrefter — mot hav og storm —

stemte nok ofte sinnet til alvor og angst — og trang til å eie fred med Gud.

Så kom de sammen havets folk, og når klokkene fra kirketårn kalte sammen til gudstjeneste i kirken, kom de roende fra øy og vær, og gående eller kjørende fra fastlandet for å få del i den fred og trygghet og høytid som bare kirken kunne gi.

Senere ble det jo bygd bedehus både på Veidholmen (det første i 1884, og det nye i 1956), på Hopen i 1927, i Steinsøysund i 1933 og i bureisingsbygda på Frostad 1948. Vekkelsens ånd gjorde sin virkning i hver krets til forskjellige tider. På Veidholmen var det en stor vekkelse i 1934, i Steinsøysund i 1928. På kirkestedet Hopen og på Frostad var det også åndelig vårvær. Møter ble holdt i skoler og private hjem, og lovsangstoner lød fra mange unge stemmer. Det ble dannet musikk-lag, kristelige sangkor, kristelige ungdomsforeninger og misjonsforeninger, og så måtte de mange ha et sted å samles, og så kom det altså på den måten fart i bygging av bedehusene. Den åndelige oppvåkning satte sitt sterke preg på kirkesøkningen. Vi husker sikkert mange av oss den store oppslutning om nattverdbordet i kirken vår under den store vekkelse i Steinsøysund under sekretær Jonas Uri's virksomhet der. Kirkeaksjoner for hele Smøla med kirkene som det samlende midtpunkt har også vært rike og fruktbarende tider.

Midt opp i det levende kristenliv har vi hatt våre trofaste, åndsfylte og arbeidssomme sogneprester, som alle alltid har stått ferdige til å forkynne Guds ord til vekkelse og fornyelse, til refusjon som til trøst — ikke bare i kirken, men rundt om på møter, fester og samvær i sognet. Vi skylder dem stor takk og husker dem med glede.

Hva betyr så kirken for oss idag? Synes vi kan hende i blant at det er for liten oppslutning om gudstjenestene? At den vises for liten oppmerksomhet, og at tilsynelatende mange synes så godt å greie seg uten noen kirke? — Motløshets ånd har jo så lett for å male mørke, triste bilder. Vi synes nok at kirken alltid skulle være fylt — ingen benker skulle behøvestå tomme. Vi skulle så gjerne ønske å se mere ungdom i kirken, flere barn, ikke bare på de «store» dagene og i høytidene.

Men beviser folk i Hopen menighet at de er glade i kirken sin?

Vi tar frem noen bilder: Marit Neerland Sætran startet en liten barneforening i 1932. Den fikk navnet «Sætran lyskroneforening». Denne samlet inn penger nok til innkjøp av lysekrone som ble gitt og opphengt i kirken i 1942. De ga også 4 stoppede stoler til brudestoler.

Noen år senere sitter en sjømann fra Hopen i kirken en konfirmasjons-søndag. Han sitter framme i koret, så han ser klart hvor dårlig alterduken er — slitt og enkel. Hans barndoms kirke med alle minner, må få noe finere til dette bruk. Han reiser ut igjen, og i Hong Kong allierer han seg med sjømannsprest Johan Nielsen som med meget strev — langt, langt borte fra norske forhold, med god hjelp av noen nonner der nede, får sydd en aldeles nydelig alterduk i venetiansk broderi — er motivet «Men korset stod skjult mellom løv i det fjerne» — mon? En duk i samme mønster til

Hopen menighetsråd 1967. — Sittende fra venstre: Ella Gjevik Torske (formann) og Ingvarda Pettersen. — Stående fra venstre: Sokneprest Terray, Idar Johansen (vara-mann), Magnar Edvardsen og Per Gjevik (nestform.) Fra-værende er Johan J. Sætran og Lars Vikhals.



døpefaret følger også med, sammen med stoff til alterbord og alterring. Alt en gave. Sjømannen var maskinsjef Johan Johansen. Det er kjærligheten til hjembygdens kirke som utløser trangen til å gi.

Menighetsrådet arbeider med kirkens utsmykking, men pengene på budsjettet vil ikke strekke til. En del må baseres på privat innsamling, og gavene fra foreninger, forretninger og enkeltpersoner gjør det mulig å utføre alt etter plan med malerier på feltene i prekestol og på frontvegg. Slektninger av Jonas Width (U.S.A.) gir av hans minnerefond penger til enda to motiver til utsmykkinga.

Konfirmantkapper er neste ønske fra menighetsrådet, og hva annet er å gjøre enn å spørre menigheten om penger? De gir glad og villig — nok til det ønskede innkjøp. Stor var gleden da konfirmantene, vakre hvitkledde ungdommer, anført av sognepresten toget inn i kirken i kappene. En satt bare og ønsket at lys og renhet måtte komme til å prege deres liv også videre.

Flombelysning som i senere år er blitt så alminnelig ved våre kirker var også en drøm og et ønske somme i vår menighet brant med. Tenk om kirken kunne lyse utover havet for sjømenn i mørke vinternetter og bringe dens budskap uten ord — budet om frelsen og lyset som kom ved Jesus Kristus da mørket ruget som verst utover jord. Tenk om kirken ved sitt lys også kunne tale til alle som gikk kirken forbi i nattens mørke, tale til dem om å komme innenfor — inn i lyset. Slik gikk flere og tenkte, men det skulle penger til igjen.

En fisker ligger med båten sin ute på sildefiske. Han ser ei flombelyst kirke, og straks går tankene hjem — hjem til Hopen kirke. Tenk om den vakre lyse kirka der kunne lyse slik i svarte natta! Fiskeren Ingar Iversen,

Hopen, kommer hjem litt før jul. Han spør menighetsrådet om lov til å belyse kirken i jula med lyskastere fra sin egen båt! Hva annet kunne svaret bli enn et helhjertet JA! Fortsettelsen ble nye innsamlinger, og resultatet ble permanent flombelysning julen etterpå.

Alle disse bilder fra hverdagens arbeid og offer må vel belyse menighets kjærlighet til kirken, og ønsket om at den må prydnes og vedlikeholdes, så dens utseende både i interiør og eksteriør må virke tiltrekksende og harmonisk.

Og kirkens aktive arbeidere vil av hjertet ønske at Guds ånd må fylle bedehus og kirke, hjerter og hjem slik at vi sammen kan ta vare på den dyre arven som *fra slekt til slekt* er blitt oss til del — den arven som våre fedre — tiltross for mange villfarelser også i deres liv — satte høyt.

Vå vil huske dette som Gustav Jensen sier og overføre det til vår kirke nå ved 75 års jubileet:

«Rum nok for ungdom lys og sterk,
redde for håp fra det høye.
Rum for all mannskrafts seige verk,
om det så ryggen skal bøye.
Tjenende hånd og hjerte ømt
mer skal I få enn I har drømt
når I hans fotspor vil følge.»

Ella Gjevik Torske.

Hilsener til kirkejubileet

Det er en særskilt glede for meg å få sende en hilsen til Festskriftet i anledning Hopen kirkes 75-års jubileum.

Det er godt at et slikt jubileum feires, for det vekker så mange tanker om hva kirken og dens tjenester betyr både for den enkelte og for menigheten i det hele.

Selv om 75 år ikke er noen høy alder for en kirke, så er Hopen menighet meget eldre. Og ved et slikt kirkejubileum vil tankene da naturlig gå tilbake til hva Hopen menighet har stått for gjennom de mange hundreår, og det vil da forme sek som en takk til Gud «for alt på vår mark i tusen år som grodde til sjeleføde».


Når jeg tenker tilbake, er det så mange minner som vil komme, minner fra gudstjenester, møter og fester, ikke bare på Hopen kirkested, men også på Veidholmen og i Steinsøysund.

Min prestetid falt i årene 1928—1936. Det var enda i parafinlampenes tid, og de mange torvstakker fortalte at torven var eneste varmekilde.

Kommunikasjonene var vanskelige for den som trengte å komme fram. I mine første år var det bare distriktslegen som hadde bil. Og da den første lastebil kom, fikk den kjøre bare på en avgrenset strekning. Unntatt de fire sommermåneder gikk de gamle dampbåter rundturer, og når jeg skulle til Hopen, fulgte jeg båten utover på lørdag og tilbake igjen på mandag.

Det var bare en gang jeg opplevde noen dramatiske øyeblikk. Vi skulle inn til Steinsøysund på tur innover. Det var stor sjø fra nordvest, og åpningen ville bryte igjen. Båten lå noen lange minutter utenfor og duvet for å vente om det ville komme en mindre båre. Og det ble noen spennende sekunder da den lot det stå til.

Vanskligst var det i høytidene. Til de ekstra helligdager var det sjeldent passet med rutebåten. Det ble ofte overnatting. I min første jule- og nyttårshelg fikk jeg overnatte på ni forskjellige steder i løpet av ti døgn. Men så ble jeg stanset også av julefester og andre ting som skulle avvikles i romhelgen.



Jeg fikk være med og feire et større jubileum for Veidholmen Bedehus, og vi fant da ut at det måtte være det eldste bedehus på Nordmøre utenom byen. I min prestetid ble Hopen Bedehus og Ungdomshuset i Steinsøysund byen. I min prestetid ble Hopen Bedehus og Ungdomshuset i Steinsøysund byen. I min prestetid ble Hopen Bedehus og Ungdomshuset i Steinsøysund byen. I min prestetid ble Hopen Bedehus og Ungdomshuset i Steinsøysund byen.

På Veidholmen skjedde det store forandringer. Jeg kan huske at vi måtte i båt mellom øyene på fiskeværet. Men så kom det broer både der og over til Innveien og med veg til Innveihavna der det ble bygget kai. Samtidig ble den ytre havn utdypet og moloen på yttersiden av Singsundet ble bygget.

Men det som kanskje har ført med seg den største forandring, var at selskapet Ny Jord begynte sin bureisning på Smøla, og det første feltet var innenfor Hopens grenser.

Jeg husker fra sommeren 1930 da de første bureisere ennå bodde i telt, i jordammer eller i primitive hytter. Men noen år senere fikk jeg være med ved det første bryllup på feltet i nyoppført hus.

Men mest går tankene tilbake til personene jeg møtte, de mange hjelpsomme medarbeidere og alle andre, og de mange hjem der jeg fikk være gjest. Jeg sender en hilsen og en takk til dem som ehnå er i live og som kan minnes meg.

På grunn av de mange overnattinger hadde jeg fast stasjon der jeg kunne ta inn både ved Hopen kirke og på Veidholmen. Flere av mine hyggelige verftsfolk er allerede døde. Men jeg sender en hjertelig hilsen og takk til de gjenlevende.

Og så til sist en hjertelig hilsen til Hopen menighet i anledning kirkejubileet og med et ønske om Guds rike signing også i kommende år.

Skien prestegård i april 1967.

Jørgen Rangnes.

SOKNEPREST KNARLAG TIL MINNE

Den 28. mars i år fekk vi bodskapen om at vår kjære sokneprest frå 1936—49 Ove Andreas Knarlag var avliden. Det vart så stille i lag og lyd der det vart kjent.

Alle hadde sine kjære minne om denne vennesæle mannen, som alltid stod til teneste når nokon hadde bruk for han. Ikkje minst dei som var unge då sokneprest Knarlag var på Smøla, sit att med mange gode minne frå alle samvær i lag og lyd.

Han hadde ei serleg evne til å nå inn til dei finaste og varaste strenger i ungdomshugen. Han tala eit språk dei unge forstod, og hans varmhjarta forkynning av Guds ord grep dei unge djupt i sinnet.

Alle som vart kjent med sokneprest Knarlag, vart snart merksam på hans innlevingsevne med sine medmenneske, i festleg lag som i dei mest daglegdagse småting, i glede som i sorgens tid.

Dei tunge krigsåra 1940—45 vart noko av ei påkjennung for han. Visst nok var det eit gode at Smøla låg så langt utanfor allfarveg, men sokne-

prest Knarlag hadde mang ei slitsam og farefull ferd for å halda seg informert om situasjonen til ei kvar tid.

I denne tida kom han på ein serleg måte i kontakt med kyrkjelyden. Det var ikkje alltid så lett i dei dagar å skilja mellom ville rykte og pålitelege informasjonar. Derfor hadde han sine pålitelege kontaktar som i det stille, kvar på sin stad, gav folket opplysningar om det som gjekk for seg på kyrkje- og skolefronten.

Som kjent vart Hopen kyrkje teken i bruk som tysk vaktpost under krigen. Ingen av dei som var vitne til det, kan gløyma då sokneprest Knarlag møtte opp i kyrkja og «dreiv» dei tyske vaksoldatane ut. Ryggsekker og vaktutstyr kom sendande ut kyrkjedøra, og folk gledde seg storleg då vaktstyrkane drog til støttepunktet på Nordvika. Men dverre, om nokre veker kom tyskarane tilbake, og då kunne dei visa til «legitimt beslag» på kyrkja, til stor sorg for alle.

Avgjørelsen i kyrkja under krigen som aldri kan gløymast av dei som opplevde det, var då sokneprest Knarlag heldt avskilspreika si, og sa frå seg prestebetet i statens teneste våren 1942. Situasjonens ålvor kvilte tungt over kyrkjelyden i den fullsette kyrkja. At sokneprest Knarlag hadde sine meiningars mot, og at han var ein uredd stridsmann for Guds rikes sak i vårt folk, fekk ein eit levande vitnemål om den dagen.


Der var ikkje rom for kompromiss, han kunne ikkje vika ei hårsvreidd frå sanninga og det han trudde på. Men sanningsbodskapet som kyrkja skulle møta sitt folk med, måtte vera gjennomstråla av Guds evige kjærleik i Jesu Kristi namn.

Lykkeleg og glad var han når kyrkjelyden svara med fulltonande salmesong. Då song han med så han høyrdest over alle. Her er ei av salmene han var mykje glad i:

Milde Gud og folkefader, sign vårt folk og fedreland!
Lat den sol som aldri glader, kveikja liv frå støl til strand!
Giv oss heilag hug i barmen, legg oss herdig kraft i armen,
så vår dyre fedrejord bløma må i våre spor!

Høgt frå kyrkjehaug lat stråla sannings sol i all sin glans!
Kveik kvar lærar til å måla liv med liv for barnesans!
Lær dei små den glade lydnad, klæd vår ungdom i din prydnad,
styrk oss mildt i manndoms år, kron med fred dei gråe hår!

I takksemld vil vi minnast sokneprest Knarlag! Oddmund Solhaug.



prestene og andre kirkens tjenere etter synspunktet, hvor meget den enkelte har «utrettet» på det ene eller det andre område. Hovedsaken er, når alt kommer til alt, at det her har vært en rekke Ordets tjenere, som, hver på sitt vis, har vært med på å sikre Guds ord fritt løp, ved guds-tjenester og ved sykebesøk, på møter og i samtaler på tomannshånd, i kontinuitet og ved de kirkelige handlinger.

Det er noe befriende, men samtidig også forpliktende, å kunne se sin egen tjeneste i en slik videre sammenheng. Da forstår man nemlig — og dette har adresse ikke bare til presten men til alle dem som på en eller annen måte er kalt og knyttet til kirkens tjeneste — at *det* det kommer mest an på er *troskap* i tjenesten. «Vi kan jo plante og vanne alene; veksten fremkaller din skapende Ånd», synger vi med Landstad.

Måtte da Hopen menighets prester og andre kirkens tjenere i kommende generasjoner få «plante og vanne» i troskap.

L. G. Terray.

INNHOLD

	Side
Hilsen fra biskop Godal	3
Frå fiskarkapellet på Veien til soknekyrkja i Hopen.	
Av Erling Skjølberg	4
Glimt fra Hopen menighet de siste årtier.	
Av Ella Gjevik Torske	25
Hilsen fra sokneprest Rangnes	29
Sokneprest Knarlag til minne.	
Av Oddmund Solhaug	30
Hilsen fra sokneprest Kjellevold	32
Hilsen fra sokneprest Terray	33